



Førde 27.01.2021

Til Helse Førde ved styret

## **Ubrukte midlar i budsjett for Klinikkk for psykisk helsevern og uløyste oppgåver**

Helse Førde (HF) legg fram Årleg melding for 2020 der «Den gyldne regel» heller ikkje i år er fylgt opp. Nedgangen i kostnad innan psykisk helsevern (PHV) / tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) var på 7,8 %, medan reduksjonen innan somatikk var berre 2,1 %.

Ledelsen og styret i Helse Førde har ved fleire høve understreka at dei prioriterer psykisk helsevern. Men LPP er betenkt over at det blir omtalt som å prioritere eit fagområde når kostnadsreduksjonen er på nesten 8 %, samtidig som der er mange uløyste oppgåver.

**Psykisk helsevern har i nesten alle år hatt pengar til gode på budsjettet ved årets slutt i motsetnad til kirurgisk og medisinsk klinikk. PHV har spart pengar ved å slå saman avdelingar og legge ned døgnplassar, og har heller ikkje etablert anbefalte behandlingstilbod til pasientar med psykose. Innanfor andre fagområde ville det vore utenkeleg å ikkje ta i bruk behandling som nasjonale retningslinjer anbefaler.**

### **Uløyste oppgåver**

- A) Etablering av eit breitt behandlingstilbod til psykosepasientar
- B) Brukarmedverknad på individ og systemnivå
- C) Involvering av pårørande i samsvar med lover og retningslinjer

#### **A) Etablering av eit breitt behandlingstilbod til psykosepasientar**

Psykoseveilederen (1) kom i 2013 og beskriv kva behandling som er virksam for denne pasientgruppa, som til dømes familiararbeid, musikkterapi, fysisk aktivitet, ulike gruppetilbod og tilpassa miljøterapi. Regional plan for psykisk helse 2020-2024 kom i 2019 (2) og handlingsplanen frå 2020 (3) peikar på at helesføretaka skal gi eit breitt behandlingstilbod til psykosepasientar. HF har ikkje fylgt opp dette og har heller ikkje planer om å gjere det i 2021. Vi viser til:

- manglande investering i utstyr til musikkrom i nybygg
- tilset ikkje musikkterapeut i Førde og Sogndal
- aukar ikkje ressursar til trening og aktivitet trass stor auke i tal pasientar i Førde
- utdannar ikkje personale som kan drive systematisk familiararbeid i Førde og Sogndal
- manglande/lite satsing på FACT-team

**Musikk, trening og aktivitetstilbod er terapi for denne gruppa som i mange tilfelle har avgrensa nytte av tradisjonell samtalerapi. Slike tilbod vil gi pasientane opplevelse av mestring, fellesskap og glede som gir motivasjon og håp. Det kan medverke til motivasjon for vidare kontakt med hjelpeapparatet og styrke relasjonane til behandlarar og miljøpersonalet. Dette vil gi mindre behov for bruk av tvang og betre behandlingsresultat og livskvalitet for pasientane.**

## **B) Brukarmedverknad på individ og systemnivå**

Opptrappingsplanen innan psykisk helse som kom i 1997 introduserte for alvor brukarmedverknad som eit verkemiddel for å få betre tenester innan fagområdet. I Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten 2016 (4) er brukarmedverknad i ulike former trekt fram eit av fleire element som skal nyttast i utvikling av gode tenester. I Helse Vest sin Plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024 (5) står; «*Brukarrepresentantar bør utpeikas til kvalitetsutval og forbetningsprosjekt*» (sitat slutt). Innan PHV/TSB har det nasjonalt gjennom år vore eit særleg stort fokus på brukarmedverknad og dei fleste andre helseføretak har etablert brukarmedverknad på mange nivå. Det gjeld både i høve til tilsetning av erfaringskonsulentar, erfaringsråd/erfaringspanel og brukarrepresentantar i arbeidsgrupper mm. Informasjon, opplæring og erfaringsundersøkingar er også viktige element i brukarmedverknad. Helse Førde har i liten grad sett verdi i dette, og det synes som både nasjonale og regionale føringar blir neglisjert. Når avdelingssjefen på Psykiatrisk klinikk nyleg etablerte ei arbeidsgruppe for «pårørandesatsing», utan brukarrepresentant, så er det eit eksempel på det og viser elles til:

- Erfaringsråd er ikkje etablert  
Erfaringskonsulent er kun i 50 % stilling ved rusposten på Tronvik og 5 % ved NPS
- Arbeidsgruppe for pårørandesatsing ved Psykiatrisk klinikk vart nyleg etablert utan brukarrepresentant.
- Opplæring av pasientar og pårørande gjennom LMS-senter, eller i grupper er ikkje etablert

**LPP har gjennom fleire år engasjert seg for å få etablere eit Erfaringsråd innan psykisk helsevern/TSB. I andre helseføretak har dette vore ein etablert praksis i mange år. Saka vart behandla i Klinikkråd for 2 år sidan, men Erfaringsråd er framleis ikkje operativt.**

## **C) Involvering av pårørande i samsvar med lover og retningslinjer**

Å vere pårørande innan psykisk helse/rus innebere store utfordringar, og for mange er diverre samhandling med tenesteapparatet det som er mest krevjande. Dei tilsette manglar kunnskap om kva lover og reglar som gjeld og institusjonane kan mangle rutinar som er i samsvar med lovverket. Rapporten etter Statens helsetilsyn (SH) sitt tilsyn med Helse Bergen i 2020 (6) avdekkja at § 3-9 i Psykisk helsevernlova (7) ikkje var fylgt når det ikkje vart innhenta informasjon frå pårørande i samband med tvangsvedtak. Avviket var gjennomgåande i klinikken i Bergen skriv SH. Tilbakemeldingar frå pårørande er at dette også gjeld i Helse Førde. Pasient og brukarrettighetsloven (Pbrl) vart gjort gjeldane for PHV frå 2007, men det har fått lite fokus at pårørande til pasientar som ikkje har vore samtykkekompetent har hatt rett til informasjon. Etter lovendringane i 2017 der manglande samtykkekompetanse vart eit av kriteria for bruk av

tvangsinnlegging så kom det lovforklaringar som påpeikar pårørande sine rettar til informasjon etter Pbrl. Pårørande opplever at det er svært varierende og tilfeldig koreis tilsette praktiserer informasjon- og taushetsplikt.

- Tilfeldig om pårørande sine rettar ved tvungent psykisk helsevern blir ivaretatt
- Tilfeldig om pårørande sin rett til generell informasjon blir ivaretatt
- Pårørandeveileder er ikkje kjent og implementert
- Pårørande får sjeldan informasjon og opplæring i samsvar med spesialisthelsetenesteloven

LPP si erfaring er at pårørande sjeldan klagar til Fylkesmannen eller Helse Førde sjølv om dei opplever at dei sjølve eller den sjuke blir dårleg behandla. Mange seier at dei er for slitne til å skrive klage, nokre trur dei ikkje har nokon rett til å klage og at det vil få negative konsekvensar for den sjuke og dei sjølve om dei klager.

### **Nokre ord til slutt**

Helse Førde har mange dyktige fagpersonar som gjere ein god jobb, men diverre er det nokre deler av tenestene som ikkje får nødvendig fokus, og nye reglar og retningslinjer har ikkje blitt implementert. LPP ber styret om å syte for at Klinikk for Psykisk helsevern etablerer eit breitt behandlingstilbod til psykosepasientane og at kompetansen på brukarmedverknad blir styrka på alle nivå. Det må også vere sjølv sagt at Helse Førde er oppdatert på lovverk og fylgjer det.

Helsing

LPP Sogn og Fjordane ved styret

Anette Shanks, leiar og Astrid Gytri, styremedlem og sekretær

Kopi til

Statsforvalteren i Vestland ved Fylkeslegen

Kontrollkommisjonen ved Bjørn Gunnar Sælen

Vedlegg

1 [Psykoselidelser - Helsedirektoratet](#)

2 [Sak 11019 Vedl. 1 - Regional plan for psykisk helse utkast 22.10.19.pdf \(helse-vest.no\)](#)

3 [Sak 09820 Regional plan psykisk helse - handlingsplan.pdf \(helse-vest.no\)](#)

4 [Ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten - Helsedirektoratet](#)

5 [Utkast 01 Plan kvalitet og pasienttryggleik \(helse-vest.no\)](#)

6 [Svikt i helsehjelpen ved akuttinnleggelse av psykotisk pasient. Tilsynsrapport etter alvorlig hendelse. \(helsetilsynet.no\)](#)

7 [Psykisk helsevernloven med kommentarer - Helsedirektoratet](#)